



# UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

**Utsett eksamen i EXPHIL03 hausten 2010 – sjølstudiumsvarianten**

13. januar 2011 - kl 09.00-13.00

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

## **Del I: Filosofi- og vitskapshistorie**

Anten:

### **Darwin**

I Gould sin artikkel «Ikke nødvendigvis en vinge» omtalast Mivart sin grunnleggjande kritikk av Darwin si utviklingslære. Gjer greie for kva denne kritikken går ut på, og for korleis Darwin si løysing av problemet såg ut. Kva for grunnar legg Gould fram for at Darwin si løysing er rett?

Eller:

### **Descartes**

Det skal svarast på både a) og b).

a) I *Meditasjoner over filosofiens grunnlag* arbeider Descartes seg gjennom tvil til visse. Vis korleis, og forklar i denne samanhengen kva som kjenneteiknar den vissa han kjem fram til.

b) Gjer greie for Descartes si drøfting av tilhøvet mellom menneske, dyr og maskin.

## **Del II: Etikk**

Anten

### **Feminisme**

I artikkelen «Feminisme i etikken» omtalar Friedman undersøkingar som har vorte gjort av Carol Gilligan om korleis kvinner og menn løyser dei same etiske problema på ulike vis. Forklar korleis Friedman brukar Gilligan sine undersøkingar i drøftinga av kva feministisk etikk kan innebere.

Eller

### **Utilitarisme**

I artikkelen ”Riss av et system for en utilitaristisk etikk” gjer J. Smart greie for utilitarismen og forsvarar han mot innvendingar. Forklar grunnleggjande trekk ved Smart sin versjon av utilitarismen; legg særleg vekt på Smart sitt syn på kva som er grunnlaget for domar om moralsk rett og galt og synet hans på grunnlaget for moralsk ros og ris. Drøft dinest ei eller fleire innvendingar mot utilitarismen.